ALVER
KOMMUNE

Ole Petter Søderstrøm
Ievegen 213
5917 ROSSLAND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Jan Roald Wolff Treni | 11.12.2020 |
| Vår: 20/18553 - 20/79433 | jan.roald.wolff.treni@alver.kommune.no | |

# Uttale - tilkopling kommunalt vatn for ny tomt - gbnr 349/81 lo

I skisse viser det at vannledning går frem til kommunal ledning. Informerer her om at vannledning skal føres til, og kobles i eksisterende vannkum. Ellers greit.

Privat avløpssytem:
Her må det søkes til plan og miljø om utvidet utslipp, dersom det ikke allerede er gjort.

Med helsing
Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen<br>Avdelingsleiar | Jan Roald Wolff Treni<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Marianne Aadland Sandvik

**Mottakarar:**
Alver kommune, Kart og oppmåling
Ole Petter Søderstrøm — Ievegen 213 — 5917 — ROSSLAND

ALVER
KOMMUNE

Ole Petter Søderstrøm
Ievegen 213
5917 ROSSLAND

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Hogne Askeland | 14.12.2020 |
| Vår: 20/17654 - 20/79515 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

## Delingssak 349/81 Io - avløp - førehandsuttale

Vi viser til din søknad om frådeling av tomt gbnr. 348/81 Io mottatt 29.10.2020.

Alver kommunen stadfestar med dette at avløpsløysinga som er vist i vedlagte situasjonsplan er ei løysing som kommunen kan godkjenne for eigedomen dykkar.

Det kan etablerast avløp til 4m³ slamavskiljar med utslepp via tett leidning til sjø (minimum 20 m. frå land med minimum 10. djupne.)

Etablering av avløpsanlegg skal utførast i samsvar med forureiningslova og forureiningsforskrifta.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ole Petter Søderstrøm | Ievegen 213 | 5917 | ROSSLAND |

Vestland
fylkeskommune

**INV - Forvaltning og utgreiing**
INV - Forvaltning Bergensområdet

Vår referanse 2020/74379-2
Dato 17.11.2020

SANDER IDEN SØDERSTRØM
IEVEGEN 213
5917 ROSSLAND

# Svar - Søknad om endra bruk av Avkøyrsel - fv. 349 bnr 81 - Rossland - Alver kommune

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkøyrsel datert 15.10.2020.

*Vedtak*

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå fylkesveg 5316 til eigedom gnr. 349 bnr. 81 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

*Vilkår for løyvet*

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 15.10.2020. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsle*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld utvida bruk av eksisterande avkøyrsel i samband med framtidig søknad om frådeling av eigedom.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsle, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling

https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/

## Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsel frå.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 100. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse 4 «lite streng» jf. Rammeplan 2017-2020.

Avkøyrsla er vurdert til å vera tilfredsstillande med god svingradius og god sikt i begge retningar. Etter ei samla vurdering gjev vi løyve til endra bruk av avkøyrsle som omsøkt..

## Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Vedlegg 1 Krav til utforming